

Edvard Mogstads foreløpige referat af Jørgen Bengtsons foredrag

Kjære nordistar,

Sist helg deltok eg på Nordisk folkeriksdag i Kungeliv, på Nordiska folkhögskolan, som einaste norske deltakar (pga corona). Men det gjorde ikkje så mykje, svært mange svenskar kom denne gongen, pluss ein del danskar.

Det var eit av dei beste seminara eg har opplevd, med profilerte, høgkvalitets førelesningar. Etter foredraget til Jørgen Bengtson, uttalte den tidlegare rektoren på folkehögskulen, Nils Zandhers, at det var det beste foredraget han hadde høyrte!

Så eg skal prøve å gjengi noko av det. (For øvrig har Bengtson lovt å sende oss foredraget på mail.)

Temaet for dette års folkeriksdag var "Alternativ till EU – Ge Norden en chans - ". Jørgen Bengtson har skrivt ei lita bok, Ge Norden en chans, i 1993. Kva har Norden felles, som ikkje EU har?

Bengtson summerte opp 15 punkt:

1. Geografien. Insulært lægje (Danmark unntatt), langt mot nord.
2. Felles historie
3. Innbyrdes fred sia 1814.
4. Kultur. Sekularisert luthersk kristendom
5. Verdier. Vi kan prate med alle nordiske grannar på same verdigrunnlag.
6. Rettstradisjonar
7. Språk. 24,5 millionar av 27 millionar. 41 % av finnane oppgir i siste undersøking at dei kan konversere på svensk. Det er det høgste tal nokosinne. I takt med at finlandssvenskanes del har minska (frå 15 % til 5,5 på hundre år), så har finnanes meistring av det svenske språket auka.
I eit Nordisk statsforbund føler dei aller fleste at fellesspråket bør vera skandinavisk (svensk, norsk eller dansk), slik at islendingane og finnane i felles fora taler svensk, dansk eller norsk, slik dei gjer i dag i Nordisk råd og Foreningen Norden. Er det enno for tungt, så får dei få tolking.
[Eg heldt fram for Bengtson somme finnars (eigentleg nokre Sannfinnar) ønske om engelsk, og han svara: Øfver min døda kropp! Da må alle ned på eit lægre presisjonsnivå, og alle må tala eit framandspråk, og vi svekker den nordiske identiteten.]

8. Folket er relativt etnisk likt.
9. Kjærleiken til naturen
10. Økonomien. Kompletterande og samanflettande
11. Demokrati. Lokalt sjølvstyre med høyringar og folkerørsler.
12. Småstatar. Ingen kolonial arv, unntatt nokre spreidde danske handelsstasjonar og karibiske øyar. Ingen føydalisme eller bondetrelldom, unntatt det danske voredskap (liveigenskap).
13. Openheit i forvaltninga
14. Den nordiske modell
15. Omverda ser på Norden som ein einskap.

EU er motsett alt dette.

Gjentatte meiningsmålingar, føretatt av Nordisk råd, sist i 2017, viser overveldande støtte til meir nordisk samarbeid. Eit fleirtal i alle nordiske land vil også ha eit nordisk forbund framfor EU, og det har auka mellom 2006 og 2017, ifølge Centio.

Den nordiske samfunnsmodellen blir mellomstatleg, ubyråkratisk og individorientert.

Heilt motsett EUs, som er overstatleg og byråkratisk.

Bengtson går inn for Nordisk Statsforbund, ikkje Forbundsstat eller Union. Det er ein viktig skilnad.

Eit statsforbund er ein konføderasjon, der nasjonale parlament og grunnlover fortsetter å virke, og der ein har fellesskap på nokre definerte område, som forsvar, handel, arbeidspolitikk osv, sånn som Confederation Helvetica - Sveits.